



# Kyrkjeblad

FOR ÅSKVOLL

NR. 1 | VÅR | 2017 | 94. ÅRG.

*God påske!*





*Ein himmel over livet, - det skulle alle ha!  
 «Påskeblomst! hvad vil du du her?  
 Bondeblomst fra lansbyhave  
 uden duft og prakt og skær!  
 hvem er du velkommnen gave?  
 Hvem mon, tænker du, har lyst  
 dig at trykke ømt til bryst?  
 Mener du, en fugl tør vove  
 sang om dig i Danmarks skove?» (Grundtvig)*

Eit vakkert, om enn litt vedmodig salmevers.  
 Skrive av den store danske landsfader Grundtvig i 1817.

## «Påskeblomst! Hvad vil du her?»

Påskeblomsten symboliserar Jesus Kristus. Han som tok eit oppgjer med døden og alt det mørke. Det er noko sart og lite ved den vesle, gule påskeblomsten.

Og vi kan med Grundtvig undra: Kva vil du her? Kven trur du at du er? Tenkjer du virkelig at nokon vil trykka deg til sitt bryst?

Det var ikkje mykje duft og pomp og prakt med Jesus. Ikkje tilsynelatande.

Han likna slett ikkje ein gudeson. Spesielt vakker å sjå til var han heller ikkje.

Det finns eit sagn om ein annan gudeson, Narsus. Han var smellvakker og fekk stadige beundrande blikk frå sine omgiversar.

Ein dag oppdagar Narsus sitt speilbilet i tjernet. Han forelskar seg hovudstups. Greier ikkje lausrive seg frå det han ser.

Det var mange som ville vere med Narsus, men Narsus kunne ikkje ha nokon innpå seg. Han fiksa ikkje det og ønskte ikkje det. Hans kjærlyghet til seg sjølv stod i vegen. Han var sjølv sitt livs store kjærlyghet.

Vi liker det vakre, vi. Det friske, energiske, flotte. Det kan lura oss. Du ser ikkje alltid det du trur du ser.

Det var mange som bedømde Jesus på hans ytre. Dei gjekk glipp av mykje. Dei som tok seg tida til å bli kjent med han, oppdaga eit vakkert indre og fekk spent ein himmel over livet.

Det var absolutt ingen som venta Jesus tilbake frå grava.

Dei som var glad i han berre grein.

Men dei som hadde gitt opp håpet tok feil og på dei som grein venta gleda.

Kan hende er det så enkelt som dette, at;

himmelen eksisterer for den som trur og for oss andre blir den blott eit eventyr!

Løft blikket, kjære ven, du har stadig det beste igjen.

God påske!!!



# Takk til trusopplærar Ragnhild Stav



Trusopplæraren i Askvoll, Ragnhild Stav, har slutta i stillinga denne vinteren. Ho har arbeid her sidan august 2015, i hovudsak med arbeid knytt til barn og unge. Ragnhild har no teke til i stillinga som diakon i Gaular. Soknerådet nyttar høvet til å takke Ragnhild for innsatsen i Askvoll.

## Rehabilitering av Kvammen kapell

Endeleg er det sett dato for oppstart med rehabiliteringa. Etter planen tek arbeidet til 26. mai.

## Kyrkjebladøkonomien

Etter to år med underskot for kyrkjebladet, har ein i 2016 endeleg eit overskot. Bladpengar og annonsesal utgjorde nær kr 72.700,- som er ein auke på over kr 19.000,- frå 2015. Overskotet utgjorde nær kr 7.400,-, og desse midlane er avsett til eit bunde fond, som er skal vere ein buffer for eventuelle underskot for kyrkjebladet seinare år.

## Julegåve- aksjonen 2016

Denne jula hadde soknerådet lagt inn kyrkjeorgel i Askvoll kyrkje som gåveføremål. Totalt kom det inn kr 44.795,- i julegåveaksjonen. Gåvene er avsett til bunde fond, der total saldo er på kr 180.227,-. Prisen på rehabilitering av orgelet er stipulert til om lag kr 900.000,-. Soknerådet takkar hjarteleg for gåvene.

*Vi er din lokale fagbutikk i kommunen  
som leverer alt av blomar  
i anledning gravferd:*

- *Kistedekorasjon*
- *Hjerte*
- *Kors*
- *Krans*
- *Bårebukett m.m.*



*Vi er og forhandler av gravminne, gravering og rens av stein.*

# Askvollpresten

## som ikkje ville til by'n

Fredrik Arentz var sokneprest i Askvoll i over 30 år, frå 1729 – 1760. Dei 12 siste åra var han dessutan prost i Sunnfjord.

Arentz ville slett ikkje reise frå sitt kjære Askvoll, men biskopen ville det annleis. Han ville så absolutt ha Arentz til Bergen.

Arentz ba på sine kne om å få sleppe. Argumenterte så best han kunne med si skrøpelege helse, som ifølge han sjølv, var elendig, både til sjel og legeme. Arentz ramsar opp ein heil rekkje sjukdomar som plagar han.

Det kunne umogleg vere meining i å sette ein kar i hans forfatning til sokneprest i sjølvaste Nykirken.

Kunne Arentz vere sokneprest i Askvoll og prost i Sunnfjord, ja så kunne han sanneleg og vere prest i Nykirken, innvendte biskopen. Askvoll var eit langt striare kall med mange kyrkjer og besverlege reiser både på sjø og land. Dessutan, i Bergen, ville han ha fleire medarbeidarar å dele byrda med, enn han hadde i Askvoll. Det hadde sjølv sagt biskopen rett i, og det må vel og Arentz ha visst!

Arentz hadde gjennom sine 31 år i Askvoll slått djupe røtter.

Her hadde han følgt sine to koner til grava, og her hadde dei sju borna hans kome til verda. Fem frå første ekteskap med Cathrine Fredrike Holberg (niese til Ludvig Holberg) og to med kone nummer to, Drude Frimann.

Arentz vil bli verande i Askvoll til sin døyand dag.

Sjølv etter at saka er avgjort og etterfølgaren til Arentz utpeikt, strittar 60-åringen Arentz imot. Han held fram med sine skriverier til biskop Tidemand. Han har vore svak i fire år allereie, og det er lenge sidan han har klart å føra pennen for eiga hand, fortel ein ulukkeleg Arentz.



Biskopen er for lengst blitt lei av denne presten som stadig strittar imot. «Nu er det 3die Gang jeg maae tage Pen i Haand», skriv biskop Tiedeman, og det i ei sak som for lengst var avgjort.

Tidene forandrar seg, men den gongen, som no, ville vel dei aller, aller fleste, valgt Bergen og Nykirken framfor Askvoll. Men ikkje Fredrik Arentz. Arentz dukkar motvillig opp i Bergen i 1760. Noko anna var ikkje mulig. Men tida i Nykirken skulle ikkje bli lang. Allerede to år etter blir han utpeikt til ny biskop i Bergen og flytter inn i den staselege bispegarden ved Domkyrkja i byen.

Men helsa er ikkje god. Kanskje hadde han sett føre seg å få kome tilbake til Askvoll som biskop på visitas?

Det ser ikkje ut til å skje. Arentz er for sjuk til å dra på bispevisitas og blir fritatt for det berre eitt år etter at han har tatt til i embetet.

Etter 12 år, i 1774, søker Arentz avskjed som biskop.

Årsak: Helsa.

Lite ante nok Arentz at han skulle ende opp som biskop i Bjørgvin.

Om han hadde visst det, ville han likefult stritta imot å dra til Bergen?

Vi veit ikkje, men sine fleste og beste år, dei trur eg helst Fredrik Arentz fekk i Askvoll.

*Stein Hugo Fykse*

*Kilder: Bergensposten, nr.1, februar 2016.*

*Statsarkivet i Bergen.*

*Askvoll bygdebok. Kyrkja I, Abraham Loftheim.*

*Askvoll sogenemd 1963*

# Kyrkjebladet for Askvoll

## – ein høgst levande 100-åring

**4. februar i år var det 100 år sidan første kyrkjeblad for Askvoll såg dagens lys. Skjønt den gang bar bladet namnet Menighetsblad for Askvold og Vilnes. Redaktør og utgjevar den gang var sokneprest Strømme. Bladet såg veldig annleis ut den gang, samanlikna med dagens. Det var eit enkelt samanbretta A3-blad, prenta på tynt avisepapir.**

### 50 øre per år i bladpengar

I førsteutgåva, som er prenta på midtsidene i dette kyrkjebladet, oppmoda Strømme innbyggjarane om å teikne abonnement på bladet, for at det skulle vere mogeleg å drifte dette vidare. Han skriv at "Kontingenten skal ikke skræmme, den er sat til 50 øre aaret". Rett nok har inflasjonen gjennom 100 år redusert kroneverdien om lag til ein trettidel, men det er vel ikkje noko å seie på prisen likevel, som tilsvarar litt over 16 kroner målt i dagens kroneverdi. For desse 50 ørene fekk ein tolv utgåver årleg.

På kyrkjekontoret i dag, har vi ei samling kyrkjeblad heilt tilbake til førsteutgåva, og det er få eksemplar vi manglar, og denne artikkelen prøver å gi eit lite innblikk i korleis bladet har utvikla seg desse hundre åra.



Håpet om å få til ei utgåve av bladet kvar månad heldt i to år. Åra 1920-1922 vart det ikkje gjeve ut noko kyrkjeblad. Slike hol i utgjevnadene har det vore nokre av opp gjennom åra, og det er dette som er forklaringa på at vi i 2017 skriv årgang 94 på framsida, og ikkje 100.

### Første bilete

Dei første åra bladet vart utgjeve var det lite endringar å sjå. Nokre endringar i storleik har det vore, men i det store og heile framstår bladet som uforandra i det grafiske uttrykket. Sant nok er det nokre utgåver denne tida som ikkje held seg til bretta A3-format, då vi har nokre utgåver som er A2, dobbelt bretta, altså dobbelt så stort som standarden.

I novemberutgåva i 1925 finn vi, så langt vi kan sjå, første prenta fotografi i kyrkjebladet. Dette er ein framsideillustrasjon med altertavla i Askvoll kyrkje som motiv.



### Nytt tittelhovud og dreining mot nynorsk

I krigsåra var det ein ny pause i utgjevnadene. Det kom ut nokre blad i tida 1940 til 1942, men ingen blad i frå 1943 til 1945. I 1946 var bladet i full drift igjen, og denne gong med ein facelift med nytt lokaldesigna tittelhovud. Det skulle altså ta 24 årgangar før bladet framsto som eit nynorsk blad. Kåre Ness teikna nytt tittelhovud med Vilnes og Askvoll kyrkje på kvar side av Olavskrossen over ein Bibel. Nytt namn på bladet vart Kyrkjeblad for Askvoll og Vilnes. Dette tittelhovudet i opphavleg form prega kyrkjebladet i heile 45 år, fram til 1991.



## Utstilling i Askvoll bibliotek

Heile denne varen, i samband med 100-årsjubileet, er det ei utstilling av ei samling kyrkjeblad for Askvoll frå ulike tider på Askvoll bibliotek.





### Første fargebruk

Heile perioden frå seint førtital og fram til ut i åttiåra skjedde det lite med format og layout. Enkelte utgåver i denne perioden hadde lause ileggsark, slik at dei var større enn eit enkelt-bretta A3-ark.

I denne perioden starta ein også med forsiktig bruk av farge, då fleire av julenummera er prenta med blått eller grønt trykk.

### Bladformen

Frå første nummer i 1984 vart formatet endra. Frå denne utgåva fekk bladet hefteform i A5. Frå denne utgåva var det alltid fleire sider i kvart nummer, opp mot 12-16 sider.



### Endra kommunegrenser

Gamle Holmedal sokn vart innlemma i Askvoll i 1990. Som følge av endra soknestructur vart tittelhovudet for kyrkje-bladet endra i 1991. Ei teikning av Holmedal kyrkje tok plassen til Olavskrossen og Bibelen i tittelhovudet. No fekk ein også nytt namn på bladet. Frå no var det Kyrkjeblad Askvoll prestegjeld.

### Framsidedfoto i fullfarge

Først i påskenummeret 2007 finn vi eit fullfargefoto i kyrkjebladet for Askvoll. Det er ein illustrasjon som viser Jesus på krossen.




### Mot dagens kyrkjeblad

I blad nummer 3 i 2008 er alt spor av tittelhovudet frå Kåre Ness frå 1946 heilt borte. No er alle teikningane teke bort, og ein har berre bladtittel i rein tekstform, med fornya namn. I 2008 fekk bladet dagens namn som er Kyrkjeblad for Askvoll, då sokna i Askvoll hadde vorte samanslegne.

### Frå kyrkjeblad nummer 2 i 2010

vart formatet igjen blåst opp til A4, som vi har i dag. Frå 2010 er heile bladet meir eller mindre prenta i fullfarge. I 2012 fekk ein lagt til Olavsmerket i tittelhovudet, og standard framside er heilsides fargestrykk. Dette designet er i bruk også i dag.



# MENIGHETSBLAD

FOR



## ASKVOLD OG VILNES.

Nr. 1

Utkommer hver første  
søndag i maanten.

Søndag 4. februar 1917

Redaktør og utgiver:  
Sogneprest Strømme,  
Askvold.

1. aarg.

### Vel møtt!

Naar menighetsbladet nu kommer indom de mange hjem, skal dets første hilsen være et hjertelig: vel møtt! Bladet kommer med bud fra det kirkelige og kristelige arbeid som drives i menighetene vore, det bæres frem av den aktive aand som altid findes der hvor kristne mennesker vil ta op arbeider for Guds rike paa jorden, derfor har det en hilsen at bringe til alle. Ti det gaar ikke i erinde for nogen enkelt mand eller nogen enkelt sak, men for den hele menighet som et religiøst samfund, med gaver og oppgaver fra Gud, retledet av kristi aand. Og da vil det gjerne naa alle, for at være tro mot ham som ønsker at finde frem til alt som menneskehjerte heter, og som kalder alle som kjender ham til at virke for sin store sak. Og i denne hilsen skal der ligge det ønske, at bladet ogsaa faar lov til virkelig at bringe bud fra al kristelig indsats i menighetens liv og fra ham som har skapt dette liv og fører det vidre i troende hjerter.

Men saa er det ogsaa forutsætningen at bladet mottas med et: vel møtt! Visst er det saa, at det syn paa en menighets oppgaver som har frembragt dette blad, endda ikke har trænge igjennem hos den store del av kristenfolket. Det virksomme, ordnede, planmæssige menighetsarbeid er endda i sin barndom, og de pligter vi som en menighet har for hverandre, er endda

litet forstaat. Men saa mange er der den dag idag som gjerne vil arbeide i menigheten, og saa mange har i aarrækker nedlagt et saa betydelig arbeid under store vanskeligheter, at de nok forstaar betydningen av et saant organ for menighetens liv og virke. Og er det vistnok mange som ikke forstaar dette, saa interesserer de sig nu allikevel for det som gaar for sig inderi prestegjældet, saa de nok vil avse en liten stund til at se igjennem disse sider. Og det er da vort haap, at forstaaelsen av menighetens arbeid skal vokse. Det man ofte hører om, det nødes man ogsaa til at tænke litt paa. Og det er en almindelig erfaring, at begynder man først at tænke lidt over disse ting, blir man snart grepet av dens betydning. Der kommer ansvarsfølelse. Følelsen av at som et medlem ikke bare av et borgerlig samfund, men ogsaa av et religiøst samfund har jeg dermed pligter over dette samfund. Og man vil faa se oppgavene som venter — hvor mange er de ikke! Og man vil faa høre kaldet: vær med du ogsaa! Gjør hvad du kan for at vort samfundsliv kan bli et redskap for den Herre Jesus Kristus.

**Program.** Bladet vil i almindelighet indeholde en kort betragtning over søndagens evangelium. Der er jo mange som ikke kan komme til kirke, og det er meningen at de samme tanker som vi samles om i prækenen der, ogsaa skal møte dem som sitter hjemme.

Saa vil det indeholde fortællinger fra kristenlivet. Saaanne smaatræk fra det virkelige liv kan ofte si os mer end lange taler, og de kan hjelpe os til at ta bestemmelse naar vi gaar med uvissbet og tvil.

Det er ogsaa tanken at gi en oversigt over de forskjellige kristelige virksomheters historie og virke. Vor tid ønsker faktiske oplysninger av det man skal arbeide for og gi penger til. Disse oversigter vil bli git av vedkommende organisationers kjendtmænd.

Der vil ogsaa bli git en sammenhengende oversigt over menighetslivet slik som det har artet sig ned gjennom aarhundredene fra aposteltiden til nutiden. Man vil da lettere forstaa de opgaver som venter paa os nu, den kirkelige situation vi nu befinder os i.

Hvis det blir plass til det, vil her ogsaa bli tat med notiser om kirkelige begivenheter andre steder i vort land, som kan ha interesse ogsaa for os. Men i denne retning vil vi lægge hovedvegten paa at samle saa mange oplysninger som mulig om det arbeid som drives her i Askvold og Vilnes menigheter. Korte referater om møter og fester som er holdt, om foreningsarbeid som drives, og notiser om saadant som skal gjøres i næste maanet. Og her maa alle de som steller med saant arbeid være med! Husk det øker interessen hos de andre for det som ligger dig paa hjerte. Bruk da det middel som her bydes, til at arbeide for saken. Og dette vil gi større planmæssighet og bedre overblik over de forskjellige arbeider. Endelig vil vi peke paa at vi her har et godt middel til forstaaelsesfuldt samarbeid og samspill mellem de forskjellige arbeidsgrener og retninger. Ved de store alvorlige begivenheter kaldes vi hver dag til samhold. Ikke minst indenfor kristensamfundene er det nu en livssak, at man forstaa hverandre, hjelper hverandre og tar fælles tak. At forstaa hverandre er langt paa vei til at elske hverandre. Og det er kjærlighet vi trenger. Det er sandt det som digteren sier: her er sædejord nok, her er sommervol nok, bare vi hadde kjærlighet nok!

Saa retter vi en appel til alle som ønsker at fylde en liten plass i den arbeidende menighet: vær med! Støtt bladet ved abonnement og utbredelse, og send det melding om det kristelige arbeid du er med at drive!

\*

Meldinger. Det er den mest praktiske ordning at de som staar i spissen for hver forening, sender meldingene, og at de som arrangerer møtene eller festene, gir referatene. Man vet da hvem det paahviler, og slipper at den ene stoler paa den andre — og saa blir det ikke noget av det hele. Adressen er helst: Menighetsbladet, Askvold. Det er en lette for redaktøren (sognepresten) at der staar bladets adresse utenpaa konvoluttene, og ikke hans privatadresse. La nu meldingene bli mange!

## Søndag Septuagesima.

Læs Matt. 20. 1—16.

### *Arbeid og løn hos Gud.*

Hvad nytter det? spør vi saa ofte os selv, naar vi tar en pust i bakken og ser paa arbeidet og strævet vort. Det sees saa liten mun av det, synes vi. Og hvad løn har vi for det? Liten glæde og litet indkome. Det er liksom en fegter i luften, planløst, nytteløst, og det som værst er: alene. Og slike tanker gjør hjertet saart og haanden træt, og det blir vanskelig at gjøre sin livsgjærning vel.

Jesu evangelium i dagens tekst hjelper os ut av saant vanføre.

Livet er et stort „hushald“. Der er alt-saa mening i det. Arbeidet, slik som livet lægger det frem for os, er overgit os av Gud, han forstaaer hvad det tjener til, om det er vondt for os at se det med vort stutte syn. Har du for alvor tænk paa det, at arbeidet dit, det du gaar og stræver og plager dig med kanskje, det er et arbeid i Guds store vingaard, i hans store verksted, som omfatter alt godt liv? Du tok kanskje ikke fat paa det med de tanker? Men gjør det nu! Det er mange som kan rette sig op fra arbeidet og si med



glæde i øiet: da jeg begyndte at ta arbeidet mit som et arbeid for Gud, blev livet anderledes, det blev gildt at arbeide, om arbeidet selv var like tungt. En arbeider ikke nytteløst og alene da, naar en ser at Gud har bruk for ens haand og hjertelag.

Og se dig saa om — ser du ikke mange krokne rygger, som stundimellem ser op fra arbeidet med glæde i øiet? Det er alle de som har tat arbeidet sit av Gud. Og de er ikke saa faa endda. Jeg husker en gammel kone, arbeidet hendes var ikke saa særlig fremragende, men hun hadde sit: et hus at holde i jorden, og det gjorde hun som om Gud selv skulde komme indom døren, og hun hadde et par smaa barnebarn at ta sig av — ja vi skjønner hvordan hun gjorde det, naar bestemorskjærlighet og barnlig gudsfrygt var de to sterkeste magter i hendes sjæl.

Vi er ikke alene med os selv, naar vi tar arbeidet vort av Gud. og vi er heller ikke alene i vort yrke, naar vi arbeider sammen med andre som har det paa samme maaten. En slik samkjensle og samarbeid kalder Jesus himlenes rike: teksten idag. Himmerike paa jord! — Og er det ikke sandt? Det er noget andet end at søkke og klage over at det ikke nytter og ikke gir noget.

For er Gud med i arbeidet vort, da vet vi der en gang kommer en løn. Ja, vi synes det er en løn bare at faa ta arbeidet vort av ham. Det gir slik stille lykke og et godt sind. Men naar vi ser langt frem — mot slutten, naar spaden skal stilles op til væggen for siste gang, saa vet vi at der er en stor løn for den som har arbeidet for Gud, den har gjort istand „før verdens grundvold blev lagt“. Den er der, fordi vor arbeidsherre er Gud, vor himmelske far. Ikke fordi vi har fortjent saa sers meget. Skulde han trække skylden ifra det optjente, saa blev det nok et sørgelig regnestykke. „Skyld og gjeld og synd og brøde, mange, mange tusen pund“. Og vi kan heller ikke negte for, at der er noget i os som er i slegt med de knurrende arbeidere i teksten, de som Herren maatte irettesætte. Men vi vet der er en løn, et resultat av vort liv,

fordi Jesus Kristus har sagt os det saa tydelig, saa sikkert: det er hans vilje at hvor han er, der skal ogsaa de være som Gud har git ham. (Johs. 17).

Saa blir det det som staa til os: at ta vort liv av den Herre Jesus Kristus, ta imot ham som den store gave fra Gud, med syndsforlating og barnekaar, et nyt liv i samfund med ham som arbeider saa længe det er dag og med alle dem som tror paa ham.

Kvart folk i kvar ei heimsens bygd  
her under soltjeld blaatt,  
gjev han aaleine herre-høgd  
og krynn han, Allheims drott!

Ja, gjev me med Guds kvite her  
av all vor hug og haatt  
syng songen ny for Herren kjær,  
for Jesus, Allheims drott!

## Et kjærlighetsunder.

En gudfrygtig, fattig enke flyttet med sine fire barn ind i et hus, hvor der foruten hende bodde en drankers familie.

„De vil naturligvis ikke ha noget med disse „skrækelige mennesker“ at gjøre“, sa hendes velmenende naboer.

Enken sa ikke noget til det, men hun tænkte sin del og begyndte at be for disse „skrækelige mennesker“.

Hun fandt snart ut, hvad man saa ofte finder, at manden var en dranker, fordi konen var en daarlig husmor og lot alt gaa tilgrunde.

Enken begyndte da med at lære konen, hvordan hun skulde gjøre sit hjem rent og hyggelig, pusse vindusrutene, dække bordet, sætte maten punktlig og appetitlig paa bordet. Hun vasket barnene og viste den undrende mor, hvor pene hendes barn var, naar de var rene. Hun underviste hende i stopning, lapning, strikniug syning og strykning, og den stakkars ulykkelige kone begyndte at haape. Hun fik igjen smilende øine og røde kinder, hun vandt livsglæde og livskraft; hun vandt atter sin mands hjerte, og det varte ikke et aar, før enkens og drankerens barn gik arm i arm og lystig

syngende i søndagsskole. Men den tidligere dranker og hans hustru blev Guds barn. „Det gamle var forbigangent, alt var blit nyt“.

Var det et under, saa var det et kjærlighetens under. Naturlovene var blit i deres sedvanlige orden, og dog var det et under. — Vil du ikke hjelpe med, saa det kunde ske et andet sted? Ta dig i det mindste av en eneste forvildet sjæl! Elsk en sjæl som du kan elske, elsk den av hjertet, med øm, taalmodig medlidende barmhjertighet; hjelp hvor du kan hjelpe, baade utvortes og indvortes, og hold ikke op, før du har vundet den for den skare, som det fortælles om i Aabenbaringens 7de kapitel.  
(M.g.blad for Kr.a)

**Abonner!** Bladet blir denne første gang bragt mest mulig rundt til alle hjem, og det vilde da være godt om man tegnet abonnement straks. Vi maa vite hvor mange tingere der blir for at kunne bestemme hvor stort oplag bladet skal trykkes i. Tegn abonnement hos den som arbeider for bladet paa stedet, eller send det i posten (portofrit som avissak) eller hos kassereren for bladet, Zitzelau Præstø, eller hos sognepresten. Kontingenten skal ikke skræmme, den er sat til 50 øre a aaret for at alle skal kunne være med. Utsæt det nu ikke til en anden gang. Skal foretagendet gaa, maa det vinde tilslutning og støttes.

**Send meldinger!** Det er en av menighetsbladets viktigste opgaver at gi besked om det kirkelige og kristelige arbeid som drives i menigheten. Det beror da paa lederne om bladet skal kunne fylde denne opgave. Bruk nu bladet som annonceblad for eders arbeid. Det som skal komme med i neste blad, maa sendes til redaktøren mitt i maanten. Altsaa inden ca. 15. februar det som skal være med i marsnumre-t.

**Missionen blandt finnerne.** Denne mission er litet kjendt. Og særlig her i Bergens stift. I de senere aar er dog enkelte begyndt at interessere sig for finnerne og missionen blandt dem.  
Her i Søndfjord er saa vidt mig bekjendt kun 4 aktive foreninger. Av disse er

en i Førde, en Korssund, en i Askvold og en barneforening paa Olseth. Sistnevnte blev stiftet like før jul.

Mellem jul og nytaar blev det avholdt juletræfest i Høiviks ungdomslag. Utbyttet blev givet til Finnemissionen.

Engel Nes og undertegnede var tilstede for at tale paa festen. Paa opfordring talte jeg der litt om Finnemissionen. Og saken fandt (saavidt jeg kunde skjønne) aapne hjerter. Fremmøtet var bra, trods meget rusket veir.

Nytaarsdag avholdtes fest med juletræ hos undertegnede, til indtegt for Finnemissionen. Der var taler av sogneprest Strømme, emissær Myklebust og Engel Nes.

Ca. 200 personer var tilseede, hvorav flertallet ungdom.

Søndag 21de januar var der møte for Finnemissionen paa Olseth. Der fremviste jeg en del lysbillede fra Finmarken. Ved kollekten indkom kr. 28,05.

Ogsaa denne missionsgren vilde nok finde mange venner, dersom det nødvendige opplysningsarbeide blev drevet.

M. Furevik.

### Fester og utlodninger i julen.

I juletiden samler der sig sammen en hel del fester og utlodninger. Her skal nevnes nogen faa, som vi kjender til.

Kvindeforeningen i Vilnes for D. N. M. S. hadde utlodning med bevertning hos sersjant Vilnes fredag 29. dcbr. Efter en missionstale av sognepresten auktionertes varene — og det manglet ikke paa bud! Efterpaa bevertning. Der kom ind ca. 200 kr. Det er et vakkert resultat, i en saa liten bygd.

\*

Indre sjømandsmissionens forening i Lervaag arrangerte juletræfest i skolehuset fredag 5. jan. Fuldt hus og julestemning. Taler bl. a. av em. Myklebust (istf. sognepresten, som var forhindret ved ledermøtet i Stangfjorden).

\*

Askvold kvindeforening for D. N. M. S. hadde utlodning med fest hos inspektør Pedersen og Z. Præstø trettendedag. Sognepresten læste op av en missionsbok og holdt tale. Trods daarlig fremmøte (3 møter paa en dag med ikke saa stor avstand imellem) kom der ind over 100 kr. Resten av varene blir utloddet kyndelsmessdag paa Reine.

E. Netvika trykkeri -- Florø



# Blomstring på vent

Det blomstrande livet  
er nesten fritt  
og nesten mitt.

Om litt, skal du få sjå,  
og belite deg på:  
Eg skal flagrande stå  
i vinden og blesten;  
oppreist, fargerik, sterk  
-og uredd som presten.

Ta i så det verkar,  
slå til så du merkar  
at her er ein pode  
som ikkje vil gøyme  
men late dei strøyme,  
dei tildelte gode.

For talenta er store  
-talent for å more,  
talent for å spore  
til lått og til leven.  
Eg nektar å teie  
om det eg vil seie.  
Eg nektar å jatte  
og dilte og dalte.

Eg sluttar å vingle;  
å dingle og pingle.  
Eg sluttar å slenge  
med bortkasta tid  
-om ikkje så lenge.

Men gje meg litt meir tid.

*Sigurd Wahl Sande*

*Frå: Over motbakkene er himlen alltid blå.*



# Tilrettelegging for vigsel av likekjønna par i Sunnfjord

Kyrkjemøtet i Trondheim januar 2017 har gjort vedtak om innføring av liturgi for vigsel av likekjønna par i tillegg til gjeldande ordning for inngåing av ekteskap i Den norske kyrkja. Begge liturgiane skal vere tilgjengelege i alle kyrkjer. Biskopen i Bjørgvin skriv innleiingsvis i brev til medarbeidarane i Bjørgvin: «Etter Kyrkjemøtet sitt vedtak i saka om likekjønna vigsel er det mange som gler seg, og mange som sørger. For eigen del trur eg vedtaket som vart fatta er det beste vi kunne få, gitt det fleirtalet som Kyrkjemøtet no har. Her vert begge partar sikra fridom til å følgje si overtiding både i liturgisk praksis, undervisning og forkynning. Som biskop vil eg gjere det eg kan for å forsvare denne fridomen for alle kyrkjelege tilsette i Bjørgvin.»

Prosten i Sunnfjord følgjer opp vedtaket på Kyrkjemøtet med både å legge til rette for vigsel av likekjønna par og sikre at dei kyrkjelege tilsette kan følgje si overtiding i synet på ekteskapet i liturgisk praksis, undervisning og forkynning. Eg har møtt dei kyrkjelege tilsette i alle 9 kyrkjekontora i Sunnfjord prosti til samtale om endringar ved vigsel etter 1. februar 2017. Likekjønna par som ønskjer å inngå ekteskap i Den norske kyrkja, melder frå til kyrkjekontoret lokalt på vanleg måte. Prosten og kyrkjevevja lokalt har ansvar for å fordele arbeidet eller ordne med vikar, dersom det er nødvendig. Samtalene så langt tyder på at det vil gå greitt å legge til rette for vigsel av likekjønna par i Sunnfjord og at det er god vilje til å gje rom for ulike syn på ekteskapet.

*Med beste helsing  
Reidar Knapstad  
Prosten i Sunnfjord*



## Kyrkjelydspedagog (2. gongs utlysing)

Askvoll sokn har ledig inntil 50% stilling som kyrkjelydspedagog

Fullstendig utlysing finn du på vår heimeside [www.askvoll.kyrkja.no](http://www.askvoll.kyrkja.no) under fanen Nyhende og kunngjeringar. Kontakt kyrkjevevja for nærare opplysningar om stillinga.

Søknadsfrist: 30. april

Askvoll sokn  
Pb. 14, 6988 Askvoll, tlf 918 74 724  
[post@askvoll.kyrkja.no](mailto:post@askvoll.kyrkja.no), [www.askvoll.kyrkja.no](http://www.askvoll.kyrkja.no)



DEN NORSKE KYRKJA  
Askvoll sokn

*Meir himmel på jorda*

## Velkommen til gudsteneste i påska

<b>Skjærtorsdag</b>	<b>Vilnes kyrkje kl. 19.00</b>
	<b>Holmedal kyrkje kl. 19.00</b>
<b>Langfredag</b>	<b>Kvammen kapell kl. 19.00</b>
<b>Påskedag</b>	<b>Askvoll kyrkje kl. 12.00</b>
<b>2. påskedag</b>	<b>Stongfjorden kapell kl. 19.00</b>





# 2-årssamling i Askvoll kyrkje

## Laurdag 4. februar arrangerte vi 2-årssamling som ein del av trusopplæringa,

og samlinga vart halden i Askvoll kyrkje. Både foreldre og besteforeldre til ungane var velkomne. I starten av samlinga fekk alle utlevert ein lapp med ei teikning og deira namn på. Så tok vi ein namnesong så alle ungane vart presentert. Deretter delte vi ut 2-årsboka. I denne boka var det ei forteljing om lammet Krølle som hadde gått seg bort. Denne forteljinga vart dramatisert og ungane følgde godt med. Det var mange ungar som ivrig viste gjetaren kor Krølle var i rommet. Etterpå song vi ein song om lammet som kom til rettes. Vi song òg andre songar, og hadde nokre rim og reglar vi gjorde i lag. Vi hadde òg sett av tid til leiking, og tok fram duploen etter at vi var ferdig med sjølvle opplegget. Det var populært.



**Fjordane**  
BEGRAVELSESBYRÅ

- ditt byrå i Fjordane

Vi har samarbeid med Lailas Blomster

For meir informasjon sjå vår heimeside

[www.fjordan.no](http://www.fjordan.no)

epost: [post@fjordan.no](mailto:post@fjordan.no)

Lindbøen 2      6809 Førde

Markegt. 42      6900 Florø

Lailas Blomster

Vakttelefon 57 82 70 30

Vakttelefon 57 74 31 36

Telefon      57 73 02 95

# Velkommen til gudsteneste



## ASKVOLL KYRKJE

**16. april kl. 12.00**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Søndagsskuleforbundet Bergen krins.

**23. april kl. 17.45**

Samtalegudsteneste for neste års konfirmanter ved Erling Nydal og Stein Hugo Fykse. Offer til Kyrkjeblad.

**07. mai kl. 11.00**

Konfirmasjonsgudsteneste ved Erling Nydal. Offer til Askvoll kyrkje.

**17. mai kl. 10.00**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Kyrkjelydens Misjonsprosjekt.

**04. juni kl. 12.00**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Norsk kyrkje i utlandet.

**11. juni kl. 13.30**

Innskrivingsgudstene ved Stein Hugo Fyse for neste års konfirmanter. Offer til Kyrkjelydsarbeid.

**09. juli kl. 11.00**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer ikkje klart.

**30. juli kl. 11.00**

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje Offer ikkje klart.

**20. august kl. 11.00**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer ikkje klart.



## VILNES KYRKJE

**02. april kl. 19.00**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Haraldsplass diakonale stiftelse.

**07. april kl. 13.00**

Skulegudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

**13. april kl. 19.00**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Dåp. Offer til Sjømannskyrkja, Sogn og Fjordane.

**13. mai kl. 11.00**

Konfirmasjonsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Vilnes kyrkje.

**25. juni kl. 11.00**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Sjelesorgenteret Haraldsplass.

**27. august kl. 19.00**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Sjelesorgenteret Haraldsplass.



## HOLMEDAL KYRKJE

**13. april kl. 19.00**

Gudsteneste ved Stein Oltedal. Offer til Kyrkjelydsarbeid.

**30. april kl. 11.00**

Konfirmasjonsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Holmedal Bedehus.

**17. mai kl. 11.15 (merk tida)**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Holmedal kyrkje.

**25. juni kl. 19.00**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer ikkje klart.

**06. august kl. 11.00**

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer ikkje klart.



## KVAMMEN KAPELL

**14. april kl. 19.00**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Ikkje offer.

**21. mai kl. 11.00**

Konfirmasjonsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til kyrkjelydsarbeid.

**09. juli kl. 19.00**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer ikkje klart.

**27. august kl. 11.00**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer ikkje klart.



## BULANDET KAPELL

**02. april kl. 11.00**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Institutt for sjelesorg, Modum Bad.

**20. mai kl. 11.00**

Konfirmasjonsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Bulandet Kapell.

**18. juni kl. 11.00**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer ikkje klart.

**16. juli kl. 11.00**

Gudsteneste vedprestevikar Karen Melhus.

Offer ikkje klart.



## STONGFJORDEN KAPELL

**17. april kl. 19.00**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Kyrkjelydsarbeid.

**20. august kl. 19.00**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer ikkje bestemt.

# Kyrkjelege handlingar



## DØPTE 2016/2017

### ASKVOLL KYRKJE

25. desember Noelle Solheim Kongshaug  
12. mars Henrik Øyan Dalsøren  
12. mars Olai Hestvik Såtendal  
26. mars Jakob Indrebø  
26. mars Oliver Vilnes

### HOLMEDAL KYRKJE

19. februar Einar Yndestad Klausen  
19. februar Alfred Furevikstrand Høyvik

### BULANDET KAPELL

04. desember Stig Johan Grepstad

### STONGFJORDEN KAPELL

29. januar Viktoria Hovden

### VÆRLANDET KAPELL

12. februar Abel Mathias Karlsen  
12. februar Atle Brandsøy



## VIGDE 2016

### I HEIMEN

09. desember Åse Karin Helle og Ingvar Loftheim



## GRAVLAGDE 2016/2017

### ASKVOLL

16. februar Åge Olsen f.1947  
22. februar Kirsten Nelly Hertzberg Ask f.1919  
03. mars Alf Kvamme f.1928  
14. mars Kjell Liaset f.1942

### VILNES

05. januar Torolf Hugøy f.1927

### BULANDET

06. januar Oddny Urtegård Sandøy f.1937  
04. april Magne Vermund Gjørøy f.1941

### GJELSVIK

20. januar Sverre Mandelid f.1933  
02. mars Malmfrid Grytten f.1924  
24. mars Jenny Ragna Hatlelid f.1922

### Det hadde dessverre oppstått ein feil under gravlagde i julenummeret 2016

Dette beklager vi.


Sissel Petrine Saltskår f. 1956 (urnenedsetting)

Sjå [www.askvoll.kyrkja.no](http://www.askvoll.kyrkja.no)  
for oppdatert gudstenesteliste



**Frist for innsending av stoff til neste kyrkjeblad: 12.08.2017**

Bruk e-postadresse: [post@askvoll.kyrkja.no](mailto:post@askvoll.kyrkja.no)



## Nytt konfirmasjonsår

Med innskrivingsgudsteneste 13.06

Denne gongen byrjar konfirmasjonstida allereie før ferien med innskrivingsgudsteneste i Askvoll kyrkje søndag 13.06 kl. 13.30. Alle medlemmer og tilhøyrande, fødte i 2003, vil få tilsendt invitasjon til konfirmasjon i god tid før innskrivingsgudstenesta. Alle nye konfirmantar frå heile soknet skal møte denne søndagen for å skrive seg inn som konfirmant. Vel møtt til alle nye konfirmantar!

## Kyrkjelydens årsmøte 2017

23. april etter samtalegudstenesta i Askvoll kyrkje kl.17.45 vert det kyrkjelydens sitt årsmøte. Det vert ordinære årsmøtesaker. Årsmelding og årsrekneskap 2016, som vert orientert om i møtet, kan du lese på våre heimesider i dokumentarkivet.

Kyrkjelydens årsmøte er åpent for alle.

*Askvoll sokneråd*

No kan du betale for kyrkjebladet på sms  
Send **BLAD** på  
sms til **2380**  
(200 kr)



DEN NORSKE KYRKJA  
Askvoll

### KONTAKT OSS



RUNE ZIENER  
Dagleg leiar/kyrkjeveerje

☎ 479 63 319  
✉ [kyrkjeveerje@askvoll.kyrkja.no](mailto:kyrkjeveerje@askvoll.kyrkja.no)



MARIT VEBERG ASK  
Kyrkjeseekretær

☎ 918 74 724  
✉ [kyrkjesekreter@askvoll.kyrkja.no](mailto:kyrkjesekreter@askvoll.kyrkja.no)



STEIN HUGO FYKSE  
Sokneprest

☎ 909 60 154  
✉ [sokneprest@askvoll.kyrkja.no](mailto:sokneprest@askvoll.kyrkja.no)



ANTON PROSKURNIN  
Organist

☎ 482 32 977  
✉ [organist@askvoll.kyrkja.no](mailto:organist@askvoll.kyrkja.no)

### ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll

Telefon 918 74 724 e-post: [post@askvoll.kyrkja.no](mailto:post@askvoll.kyrkja.no)

Heimeside: [www.askvoll.kyrkja.no](http://www.askvoll.kyrkja.no)

Facebookside: [www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll](http://www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll)



**Kontortid:** tysdag til torsdag kl: 09.00 – 15.00 Fredag kl: 10.00 – 14.00

**Beredskapstelefon:** 954 83 152 ved akutt behov for prestatjeneste etter kl. 17.00 og i helgene. Måndag er prestane sin fridag.

**Kyrkjebladredaksjonen:** Rune Ziener (ans. red.), Stein Hugo Fykse, Marit Veberg Ask

**Leiar Askvoll sokneråd:** Jostein Gryte 909 38 382

**Dugnad på Askvoll kyrkjegard  
før konfirmasjonen**

**Torsdag 4. mai kl. 17.00.**

**Ta gjerne med hagereidskap.**

Kyrkjelydsutvalet